

Ni Liv med ny plate

**Dei har talt til tju-
ge meir enn ein
gong, karane i Ni
Liv. Fredag kjem
den fyrste plata
på fire år, og det
langt på overtid.**

Gro Birgitte Røiland

gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

«Tell til tjuge» heiter albumet, som fredag blir sloppet i alle format.

Lite visste Ni Liv om at det skulle gå troll i ord da dei valde tittel. Å telje til tjuge betyr å tenke seg godt om før ein handlar. Koronaen gjorde at tenkepausa blei mykje lenger enn planlagd.

Frå april til nå

Sleppdato for plata var 24. april. I staden blei det 25. september. Ny tid for plateslepp blei basert på håp og gjetting.

– Me håpa å kunne reise på ein liten turné og gjera nokre konsertar igjen, seier Jan Birger Akerhaugen.

Framleis er tidene dårlege for turné og konsert, men noko blir det. Sittekonsertar for eit mindre publikum, blant anna i Bø, er booka. Laurdag 17. oktober spelar Ni Liv på Bull Inn. Laurdagen før er Krøset i Oslo staden. Den 7. november er Ni Liv på Bellman på Notodden.

Fann vegen vidare

Det var slett ikkje sjølvsagt at Ni



SAMARBEID: Jan Birger Akerhaugen og Jon Solberg har samarbeidd tett om låtane på «Tell til tjuge». Fredag kjem plata, som er den fyrste frå Ni Liv på fire år. Foto: Gro B. Røiland

Liv skulle gje ut ny plate eller i det heile tatt halde fram som band. For eit par år sidan sat Jon Solberg og Jan Birger Akerhaugen seg ned for å finne ut om det fanst ein veg vidare.

– Å halde saman eit band er verre enn å halde saman ein familie. Jo eldre ein blir, dess særare blir ein. Poenget var å finne tilbake til guteromkjensla

og gleda over å få lov til å leike med musikken, seier Jon.

Dei fann vegen vidare. Jon og Jan Birger byrja å lage nye låtar, der Jon sto for tekst, mens dei var saman om musikken.

– For meg har det vore veldig artig å vera med på låtane frå fyrste stavgang, seier Jan Birger.

– Det har vore konstruktivt. Når eg skriv låtar, kan det vera

ei strofe eg gneg på. Da kjem Jan Birger og seier at kan du ikkje bare gjera det slik, seier Jon.

Ny gnist

I løpet av dei siste to åra er alle nye låtar spela live på konsert og forma av bandet i fellesskap. Da Ni Liv i vinter var klar for studio, var det 25 nye, gjennomspela låtar å ta av. Ni av dei er

med på CDen, ti på LPen. Låtene på «Tell til tjuge» er i kjent Ni Liv-stil, både musikalsk og tekstmessig. Språket er bødialekt, tema dei nære ting og møte mellom menneske.

Ein ny gnist er tent i bandet, som snart feirar 20 år.

– Så fort plata er ute, er det å spela konsertar og kome seg i studio igjen, seier Jan Birger.